

## Referat frå klasseforeldremøte våren i 5.kl, 9.mai 2016

---

- Elevane framførte arbeid om Roald Dahl. Guttane las vitsar og jentene song.
- Kristine fortalte om livet i klasserommet, med bilder frå skuleåret. Etter dette gjekk elevane ut. Dei steikte to kaker og var i gymsalen medan dei vaksne prata vidare om skulekvardagen.
  - Roald Dahl – lesebarometer, leselyst og utvida fantasien og kreativiteten. SVK av Roald Dahl kjem på kino 5.aug. Klassen er glad i høgtesing og dette er viktig sjølv om dei er blitt 5.klassingar og les sjølve.
  - God arbeidsro og innsats, spesielt i arbeidstimar som norsk, matematikk og engelsk.
  - Nokre er trøtte, sein leggetid? Lærar anbefalte seinast kl. 21.
  - Ivrige og glade, positive til det meste, herleg alder.
  - Vekeplan – foreldra må lesa baksida kvar måndag. Viktig info.
  - Ta med heim klede frå vinter, men ha støvlar på skulen.
  - Det blir arbeid i åker framover. Frå jord til bord. Åker, drivhus, biologi, jordbruk før og no.
- Kva veit vi om neste skuleår.
  - Kristine kontaktlærar og JK faglærar.
  - Saman med 5.klasse i fleire fag, som KRLE, samf. og naturfag.
- Unicef-runden, i starten av juni. Foreldra var positive.
- Leirskule i 7.klasse. Vi tenker å reise på vinterleirskule til Voss. Dette blir ein gong i mars 2018. Fokus på langrenn, ein aktivitet vi ikkje får så mykje øving i her i nærområdet.
- Villmarkstur i august 2016. Ei av dei første vekene i skuleåret. Søv i telt. Pakka i sekkar slik at elevane kan berå alt sjølve. Sosialt og positivt å møta Skodvin-elevar, som dei skal gå på ungdomsskule med.
- Nye vedtekter i FAU – Ida informerer. 5.kl vara er leiari for val-nemda.
- Saker til stort foreldremøte?
- Val av ny klassekontakt, vara. Det vart Tine Berger. Ida Nordahl sitt i FAU eit år til.
- Sosialt for klassen? Sommeravslutning? Foreldra diskuterte og vil sjå været an. Dei ønskjer å ta klassen med på kino i august, SVK.

Vi åt kaker og drakk kaffi/saft. Avslutta med fotballkamp ute i varmen. Elevar og lærar mot foreldre. Foreldra vann! Vi i 5.klasse skal ligga i hardtrening til nesteår😊

Ein positiv kveld, der 8 av 9 heimar var representerte, og alle elevane møtte.

Referat: Kristine Lunde 9.mai 2016